



Møre og Romsdal
fylkeskommune

saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
21.01.2020	1407/2020	Jan Eirik Søraas

Saksnr Utval
Samferdselsutvalet **Møtedato** 05.02.2020

Drosjeløyva i Møre og Romsdal - Statusrapport 2019

Bakgrunn

Faktatal

Pr. 31. desember 2019 hadde vi slike tal drosjeløyve i drift i Møre og Romsdal:

	Tal	Spesialutrusta (8+1)	Utvida spesialutrusta (10-17)	Utvida løyve (10-17)
Tal løyvehavarar	186			
Ordinære løyve	197	8	2	0
Reserveløyve	116	11	22	5
Tal løyve totalt	313	19	24	5

I 2019 ble 6 drosjeløyve (hovudløyve) lagt på is på grunn av nedgang i køyregrunnlaget og i påvente av endringar i drosjereguleringa. Fleire plassar er reserveløyve satt inn som erstatning.

Berre ein av kommunane i fylket – Stordal – er utan drosjeløyve. Etterspurnaden etter drosjetransport i Stordal har i fleire år blitt utført av drosjane i nabokommunane (Norddal og Ørskog).

Tendensen i utviklinga innan drosjetransporten er generelt nedgang i køyregrunnlaget av årsak i endra rutinar frå helseføretaket på samkøyring internt i kommunane på pasienttransport.

Møre og Romsdal Taxitjenester (MRT AS) har på vegner av Norges Taxiforbund avdeling Møre og Romsdal sendt rapport om situasjonen for drosjane i fylket, sjå vedlegg.

Endring av drosjereguleringa – Oppheving av behovsprøvinga

Samferdselsdepartementet (SD) sende 1. oktober 2018 på høyring forslag til endring i drosjeregelverket og oppheving av behovsprøvinga med høyringsfrist 1. januar 2019.

Fylkesutvalet handsama i møte 28. januar 2019 som sak U-2/19 - Høyring - Endring i drosjereguleringa - Oppheving av behovsprøvinga (saksframlegg og protokoll vedlagt). Saka vart deretter sendt over til SD.

Stortinget vedtok 4. juni 2019 i Prop. 70 L (2018-2019) (<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-70-l-20182019/id2640261/>) endring i yrkestransportlova (oppheving av behovsprøvinga for drosje mv.). Ny yrkestransportlov blir iverksatt frå 1. juli 2020.

Hovedpunktene i forslag til endring i yrkestransportlova er:

- Oppheve behovsprøvinga med tilhøyrande driveplikt. I dag er det samferdselsutvalet i fylket som vurderer behovet for drosjeløyve i kvar einskild kommune/løyvedistrikt.
- Gje fylkeskommunane høve til å tildele einerett for drosjetransport i kommunar med tal innbyggjarar og tettleik på befolkninga under ein viss terskelverdi – inntil fem år.
- Vidareføre krav om drosjeløyve, men lempe på innhald i kravet til løyve ved å fjerne krav om fagleg kompetanse for løyvehavarar.
- Innføre 10-årige drosjeløyve.
- Oppheve tilknytingsplikta til drosjesentral og innføre plikt til loggføring av alle drosjeturar gjennom eit godkjent digitalt taksametersystem.
- Innføre krav til fagkompetanse for førar av drosje.
- Innføre krav om at søker til køyresetel må ha hatt førarkort i klasse B i minst to år før vedkomande kan tildelast køyresetel for drosje.
- Justere heimel for fylkeskommunane til å kunne stille miljøkrav til drosje, slik at miljøkrav bli knytt til kommunegrensene.
- For motorvogn registrert for høgst 9 sitteplasser vil det etter 01.07.2020 berre vere ein løyvetype – drosje. Selskapsvognløyve og løyve for transport for funksjonshemma utgår.
- Innehavar av selskapsvognløyve må innan eitt år frå iverksetting av ny yrkestransportlov søkje løyvet omgjort til drosjeløyve (med då krav om innmontering av taksameter og merking av motorvogna).
- Innehavar av løyve for transport for funksjonshemma må innan eitt år frå iverksetting av ny yrkestransportlov søkje om drosjeløyve eller turvognløyve.
- Innehavar av utvida drosjeløyve (maxi-taxi) (10-17 sitteplasser) må innan eitt år frå iverksetting av ny yrkestransportlov søkje om turvognløyve.

På bakgrunn av Stortinget sitt vedtak oppretta samferdselsavdelinga i 18. juni 2019 Prosjekt Drosje 2020. Prosjektet skal avklare m a følgjande:

- Utgreie behovet for å tildele einerett eller oppretthalde dagens organisering av drosjane i kommunar der det er høve til å gjere dette.
- Vurdere behovet for tilskot ved tildeling av einerett og kjøp av drosjeteneste for å oppretthalde ein naudsynt minste drosjeberedskap/-tilbod i heile fylket.
- Starte arbeidet med utarbeiding av lokal forskrift ved tildeling av einerett.

Eit av hovedpunktene i den nye yrkestransportlova er at den gjev fylkeskommunene høve til å tildele lokale einerettar for drosjetransport i kommunar med innbyggjartal og tettleik på innbyggjarane under ein viss terskelverdi. Etter 1. juli 2020 vil det ikkje vere mogleg å tildele einerett i kommunane nye Ålesund og Kristiansund. I dei andre kommunane i fylket kan fylkeskommunen tildele lokale einerettar.

I forhold til einerett har følgjande vore vurdert:

1. Ikkje einerett.
2. Oppretting av einerett etter anbod og tildeling etter forskrift.
3. Oppretting av einerett i einskilde marknader (kommune) – ikkje i kontraktmarknaden.

Etter innhenta uttale frå drosjenæringa, kommunane og ruteselskapa om vurdering av behovet for å innføre einerett for drosjetransport vart det lagt fram sak for fylkestinget 9. desember 2019 (sak T-93/19) (saksframlegg og protokoll vedlagt), der fylkestinget gjorde slikt samrøystes vedtak:

1. Fylkestinget støttar fylkesrådmannen si vurdering om ikkje å innføre einerettar på drosjetransport no.
2. Fylkestinget ber rådmannen komme tilbake med ei vurdering av situasjonen etter eitt år. Dersom det da har vist seg at det er behov for einerettar i somme distrikt, ber fylkestinget om at forskrift for slik tildeling blir lagt fram for fylkestinget for godkjenning.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen om å utrede miljøkrav for drosjetransport i einskilde kommunar i Møre og Romsdal.

Pasienttransport

Herøy Taxisentral AS og Nordvest Taxi AS inngjekk hausten 2019 avtale med helseføretaket om pasienttransport på vegner av drosjeløyvehavarane i Møre og Romsdal. Avtalene går fram til høvesvis 1. august og 1. september 2020 med opsjon på 2x12 månader.

Bestillingstransport


I følgjande kommunar er det oppretta FRAM Flexx tilbringartransport og/eller servicetransport: Aure, Fræna, Herøy, Haram, Molde (Skåla), Rauma, Sandøy/Aukra, Volda, Ørsta, Tingvoll og Smøla.

Alle transportane går med drosje og blir tinga gjennom FRAM Kundesenter i Kristiansund.


Samferdselsutvalet bad i møte 6. februar 2019 om at arbeidet med FRAM Flexx vart prioritert og at det måtte gjerast vurderingar med tanke på innsparing i økonomiplanen. Vidare vart det peika på at det skulle nyttast og vidareutviklast verkyt for bestilling av turar for å få enklast mogleg bestilling for brukarane.

Totale kostnader for Fram Flexx for 2019 er på kroner 701 168. I hovedsak kostar ein tur kroner 50. I Haram kommune er der også eit tilbod der ungdom reiser med ungdomskort. Vi har/har hatt avtale om delfinansiering med følgjande kommunar: Ørsta, Aure og Halsa. Vi må gjere avtaler med kommunane Smøla og Tingvoll som er nye kommuner med FRAM Flexx.

Fordelinga på kostnadene i 2019 ser slik ut:




Kostnadene er i reelle tal.



Gjennomsnitt kostnad per tur i reelle kroner i dei ulike områda.

Tilbodet er mest nytta i kommunane Aure, Halsa og Haram. Ved utgangen av november 2019 hadde FRAM Flexx ordninga følgende tal turar i dei ulike kommunane som er ein del av ordninga.



Per dags dato bestiller ein tur med FRAM Flexx ordninga gjennom nettsida til fylkeskommunen eller gjennom telefon til kundesenteret i Kristiansund. FRAM Flexx er ikkje ein del av mobilappen FRAM eller reiseplanleggjaren på nettsida frammr.no.

TT-transport

TT-ordninga - tilrettelagt transport for funksjonshemma - er ei frivillig ordning for fylkeskommunane der ein tilbyr personar, som av årsak i nedsett funksjonsevne ikkje kan nytte seg av ordinære kollektive transportmidlar, eit årleg beløp i reisestøtte for drosjetransport. Føremålet med ordninga er fritidsreiser, dvs. reiser som ikkje er dekt av andre offentlege stønadsordningar. Transporten blir gjennomført med vanleg motorvogn, samt småbuss/maxi-taxi som er spesialutrusta for transport av rullestolbrukarar. Av årsak i redusert køyregrunnlag dekkjer i dag mange av dei spesialutrusta drosjane fleire kommunar.

I tillegg til den ordinære TT-ordninga deltar også Møre og Romsdal i ei utvida ordning som i hovudsak er finansiert av staten. Brukarane i denne ordninga får tildelt eit betydelig høgare beløp enn brukarane i den ordinære TT- ordninga. Ordninga er reservert for personar med tyngre funksjonshemmingar, som pr i dag er definert som sterkt svaksynte og blinde, samt rullestolbrukarar. I 2019 fikk Møre og Romsdal tildelt midlar for å ha 235 brukarar i denne ordninga. Totalt i begge ordningane er det om lag 6500 brukarar.

I sak T-88/19 vart det vedtatt ein reduksjon av driftsnivået i samferdselssektoren, Omstilling 2020. Også TT- ordninga vil bli påverka av dette, og det vil i åra framover bli jobba med å redusere tal brukarar i ordninga.

Skole- og rutekøring

Det er ruteselskap som gjennom kontrakt med fylkeskommunen inngår avtalar med undertransportørar om skole- og rutekøring i fylket. I stor grad gjeld dette kontrakt med drosjesentralar/drosjeløyvehavar. I ein del utkantdistrikt er skole- og rutekøring for ruteselskap hovudinntekta for drosjeløyvehavar. Slik transport blir utført med både vanlege drosjar og maxi-taxi.

Nye ruteselskap som har vunne anbod på skole- og rutekøring har ikkje medført store endringar på undertransportørsida. Fylkeskommunen har i 2019 brukt 27 millionar kroner på tilrettelagt skoleskyss – ei auke på to millionar frå 2018.

Pirattaxi/Ulovleg persontransport

Samferdselsavdelinga avvikla 29. august 2019 eit tverrfagleg møte i Ålesund mellom representantar frå politiet, Statens vegvesen, NHO og taxinæringa om ulovleg persontransport/pirattaxi etter yrkestransportlova.

Konklusjonen på møtet var m a:

- Problemstilling rundt ulovleg persontransport blir ø ta inn i den tverrfaglege A-krim-gruppa, der Statens vegvesen, Politiet, NAV og Skatteetaten er deltagarar.
- Taxiforbundet skal utarbeide notat med «fenomenkunnskap», som skal nyttast for å synleggjere problemstillinga slik at den får sin prioritet.
- Politiet v/påtalen bidrar inn ved å dele statistikk omkring reaksjoner på overtrede av yrkestransportlova.
- Gode tips om ulovleg persontransport skal samordnast gjennom taxiforbundet sentralt i fylket til Statens vegvesen sin tips e-post: krimtips@vegvesen.no

Det er stor aktivitet av personar som driv ulovleg persontransport her i fylket, spesielt knytt til turistransport, men også vanleg drosjetransport. Statens vegvesen har i sommar intensivert kontrollar spesielt i Geiranger og Ålesund rundt turisttrafikken.

Vi vil følgje opp dette samarbeidet. Korleis utviklinga av ulovleg transport vert etter liberaliseringa av marknaden vil vi først vite etter at regelverket er trått i kraft.

Vurdering

Drosjeløyve er i dag behovsprøvd og etter gjeldane yrkestransportforskrifta pålagt driveplikt, dvs. 24 timars vakt, dersom den ikkje er knytt opp mot ei vaktskiftordning gjennom nærmare samarbeid med andre drosjeløyvehavarar/drosjesentral. Drosjene er derfor viktig i beredskapssamanheng og ein viktig del av kollektivtrafikken i fylket.

Ny yrkestransportlov frå 1. juli 2020 vil kunne endre situasjonen for brukarane av drosjetenesta, drosjeløyvehavarane, ruteselskap, kommunane og fylkeskommunen både i positiv og negativ retning. Arbeidet med å leggje til rette for den nye drosjereguleringa vart 18. juni 2019 starta opp gjennom Prosjekt Drosje 2020. Dette arbeidet er godt i gong og viktig avgjerd er alt teke av fylkestinget om ikkje innføre einerett på drosjetransport no.

Kontaktmøta med drosjenæringa er ein viktig møteplass for å diskutere aktuelle tema. Vi avvikla eit slikt møte 14. februar 2019 og vi deltok 23. mars 2019 på årsmøte i Norges Taxiforbund avd Møre og Romsdal i Kristiansund. På begge desse møta var endring i drosjereguleringa eit sentralt tema.

Fylkeskommunen er også i framtida avhengig av at det blir oppretthalde drosje i distrikta, for å kunne løyse dei transportordningane fylkeskommunen har i dag og har planer om i framtida. Å oppretthalde drosje i distrikta er viktig for både kommunane, innbyggjarane, ruteselskapa og fylkeskommunen.

Vi prøver best mogleg å legge til rette slik at køyregrunnlaget for drosjane skal bli oppretthalde/eller auka gjennom fylkeskommunale transportar, til dømes bestillingstransport, skoletransport, rutekøyring mv.

Kommunane har i liten grad engasjert seg for å auke køyregrunnlaget til drosjane. Den tidlegare opparbeidde 24-timars vaktberedskapen drosjane har hatt vil forsvinne og tilbodet på drosjeteneste, spesielt i distrikta, kan bli redusert.

Det er framleis diskusjon om dei kommunale institusjonsbilar/-miljøbilar. Vi meiner at kommunane nøye bør vurdere kostandene ved både innkjøp og drift av slike småbussar. Nedgang i køyregrunnlaget for dei spesialutrusta drosjane har medført/vil kunne medføre at transporttilboden for dei funksjonshemma/rullestolbrukarar forsvinn. I tillegg er avgiftsauke på universell utrusta motorvogn registrert for høgst 8+1 sitteplassar medført at fleire av transporttilboda for transport for funksjonshemma/rullestolbrukarar har felle bort.

Mange eldre og uføre i kommunane vil ved bortfall av drosjeløyve få problem med å kome seg til/frå serviceinstitusjonar, butikk, lege m v. Det er derfor viktig at kommunane i større grad enn tidlegare engasjerer seg i å legge til rette for at drosjetilboden i distrikta blir oppretthalde.

I Kollektivstrategi 2012-2021 har fylkeskommunen som mål å arbeide for å samordne dei transportane Møre og Romsdal fylkeskommune tilbyr. I tillegg er det ved organisering av bestillingstransport eit mål å opprette eit felles køyrekontor. I distrikta skal vi ha eit samarbeid med kommunar, stat, drosjenæringa og andre for å få til god løysingar for bestillingstransport.

Målet er å sjå dei ulike transportbehova ute i distrikta i samanheng, og å samordne desse transportane gjennom ei felles bestillingsordning – FRAM Flexx.

Oppsummert:

- I 2019 vart det tildelt 10 ordinære drosjeløyve og 11 reservedrosjeløyve. I tillegg er det tildelt mellombelse reserveløyve.
- I 2019 vart seks oppsagte ordinære løyve ikkje lyst ut på nytt og lagt på is.
- Klagenemnda behandla i 2019 ei tildelingssak (Sunndal kommune).
- Herøy Taxisentral AS og Nordvest Taxi AS inngjekk hausten 2019 kontrakt om pasienttransporten med helseføretaket for drosjane i fylket.
- Nedgang i køyregrunnlag om helgane har medført søknad om redusert køyreplikt. Samferdselsdepartementet har, etter positiv tilråding frå samferdselssjefen, godkjent redusert driveplikt for drosjane i følgjande kommunar: Stranda, Ørskog, Skodje, Sandøya og Nesset (Eikesdal). Dette gjeld mest for utkantdistrikta/øyane og er ei tidsavgrensa og restriktiv godkjenning.

- Fleire maxi-taxiløyve spesialutrusta for transport for funksjonshemma, spesielt i utkantane, blir søkt omgjort til motorvogn registrert for høgst 9 sitjelassar, spesielt grunna betre framkome, redusert køyregrunnlag og problem med å skaffe sjåfør(ar) med utvida sertifikat. Det er krav om at slike motorvogner skal vere godkjent etter *Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv.*
- Målet med FRAM Flexx sine bestillings- og servicetransportar er å gje innbyggjarane i distrikta eit godt kollektivtransporttilbod gjennom å nytte m a drosje og å styrke køyregrunnlaget for drosjane i distrikta. Dette er eit framhaldande arbeid som blir nært knytt opp mot vurdering av ulønsame bussruter.
- Pirattaxi/ulovleg persontransport er eit aukande problem både i byane og utkantdistrikta i fylket. Auke i turisttrafikken har medført auke av slike transportar. For å tilby brukarane sikre transporttilbod bør kontrollstyresmakta sette inn større ressursar til kontrollar og førebyggande arbeid saman med aktuelle samarbeidsparter/tverrfagleg A-krim-samarbeid.
- Samferdselsutvalet godkjente i møte 23. oktober 2019 som sak 59/19 mellombels vidareføring av dagens løyvegrenser for drosje i samband med kommunenesamanslåing. Frå og med 1. januar 2020 vart Hornindal kommune innlemma i Volda kommune, og Halsa kommune vart innlemma i Trøndelag.
- Fylkestinget vedtok på møte 9. desember 2019 som sak 9. desember 2019 (sak U-93/19) førebels å ikkje innføre einerettar på drosjetransport og å be fylkesrådmannen om å utrei miljøkrav for drosjetransport i einskilde kommunar i Møre og Romsdal.

Forslag til vedtak:

Samferdselsutvalet tek saka til vitande.

Ottar Brage Guttelvik
fylkeskommunedirektør

Arild Fuglseth
samferdselsdirektør

Vedlegg

- 1 Rapport frå taxinæringa
- 2 Fylkesutvalet - sak U-2/19
- 3 Protokoll - sak U-2/19
- 4 Saksframlegg Fylkestinget - sak T-93/19
- 5 Protokoll sak -T-93/19